



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf.: 57714100

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd torsdag 21.febr. 2017 kl. 19.00 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte :

Audun Digranes, Jarle Berge, Borgny Birkeland, Lisbeth Haugsbø, Anne Lise Ljotebø, Runar Matsui-Li, Irene Aase Aarseth

Desse hadde meldt forfall:

Leif Arne Fureli, Sturla Bell Fossen, Stine Iren Røyseth.

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Eldrerådet

Sakliste: Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte. Her var det litt merknader. Jarle hadde ikkje fått innkalling, men hadde sett av datoen. Borgny opplyste om at posten etterlyser gateadressa hennar som er Sanden 8 og ber om at den vert brukt . Rekneskapsrapporten var berre komen til Audun. Hanne Kristin kan ikkje vere kyrkjevert den dagen ho er sett opp. Irene er referent i dag sia skrivar ikkje er tilstade. Det vart meldt om ei tilleggsak, sak 008/ 17

Meldingssaker :

- 000007 **Soknepresten har ordet.**
Soknepresten las eit bibelord, og oppmoda oss om å la kyrkjeklokkene ringje. Det er med på å sei verda at Gud er viktig og er midt i blant oss.
- 000008 **Rekneskapsrapporten 2016**
Her vart det opplyst om at kommunen heldt på å gå over til Visma, difor kan spørjing ta litt tid. Rapporten vart gjennomgått i møtet. Det er underskot på kr 5944,- Dette kjem av at det vart kjøpt handholdne mikrofonar til kyrkja og bedehuset. Runar opplyste om at Høy. Sokneråd kjem til å innføre bruk av VIPPS, noko vi og truleg må gjere. Tidlegare leiar i SR Finn Trædal sit med fullmakt på ein av kontoane til SR og ber om at han og Audun går i lag til banken og får overført fullmakta til noverande leiar.
- 000009 **Fasteaksjonen 2017.**
4. april kl. 17.00 . Soknepresten orienterte om at Høyanger har for mange konfirmantar til å gå i Høyanger og at Kyrkjebø kan få låne nokre der i frå , ca.

10-11 stk. Det vert planlagt nærare korleis ein organisera dagen på neste soknerådsmøte.

000010 **Kultur og salmekveld på Kyrkjebø søndag 12.mars kl. 18.00**
Kyrkjebø Mållag har teke inaktive til Kultur og salmekveld i Kyrkjebø kyrkje søndag 12.mars kl. 18.00 Fleire flinke aktørar vil delta. Håpar mange set av tid til å komme i kyrkja denne kvelden.

Vedtaksaker

Sak 005/ 17 Val av soknet sin representant med vara til stiftelsen for Kyrkjebø Kyrkjelydshus. (Dok: 07/00004-008)
Vedtak : Lisbeth Haugsbø medlem og Anne Lise Ljotebø vara.

Sak 006/ 17 Oppnemning av jubileums nemnd og mandat for nemnda.(Dok: 16/00004-002)
Til denne saka var Finn Trædal, Helga Hjetland og Geir Ivar Ramsli innkalla og møtte.
Det vart her drøfta kva vi tenkjer med jubileet og korleis gå fram.
Finn tek kontakt med Historielaget om det er muleg at årboka 2019 kan vere eit jubileum skriv for kyrkja. Det vart og etterspurt gamle helgestunder, for der skal det vere mykje aktullt historisk materiell om kyrkja. Ein del av 100-årshefte kan og godt brukast.
Geir Ivar tek på seg å lage ein facebookprofil.

Det vart ikkje gjort noko vedtak på mandat., det kjem vi tilbake til seinare. Soknerådet sit med det formelle ansvaret for til dømes økonomi og søkje om midlar. Runar tek ansvar for å søkje kommunen om kulturmidlar til prosjektmidlar. Frist mars. 2017.

Vedtatt å samle representantar frå lag og organisasjonar i bygda til eit møte – idédugnad- 29.mars kl.19.00 på Myldrerommet på skulen.

Vedtak å ha med ein frå Soknerådet i nemnda: Irene

Sak 007/17 Årsmelding 2016 for Kyrkjebø sokneråd. (Dok: 17/00001-001)
Årsmeldinga vart godkjend med nokre rettingar.

Sak 008/17 Strategi komité felles for heile kommunen om korleis kyrkja vil verte framover.
Vedtak : Medlemmer frå Kyrkjebø sokneråd er Audun og Jarle.

Neste soknerådsmøte er 28/3 kl. 19.00

Ref. Irene Aase Aarseth